

# Eksamen

01.06.2021

BUA2002 Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** barne- og ungdomsarbeiderfag / barne- og ungdomsarbeiderfag Vg2

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unnateke ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfatar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p><b>VURDERINGSRETTLEIING FOR SVARET</b></p> <p>– Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff og å grunngi synspunkta og løysingsforslaga dine</li><li>• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter</li><li>• bruke eksempel der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	NB! Du skal svare på alle oppgåvene.

**Lykke til!**

# Eksamensoppgåve

*Når du svarer på oppgåva, må du velje kva aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdom). Ta utgangspunkt i beskrivinga under, og få tydeleg fram i svaret kva aldersgruppe du skriv om.*

Du har ansvar for ei gruppe barn/ungdommar på arbeidsplassen din. Gruppa består av jenter og gutar med bakgrunn frå sju ulike nasjonalitetar. Eit av barna har utfordringar med høyrsele. Ei av oppgåvene dine som barne- og ungdomsarbeidar er å støtte barna/ungdommane til å bli ansvarlege i eige liv og tilpasse seg ulike oppvekstarenaer (for eksempel familie, nabolag, fritidsaktivitetar, barnehage/skole, venner)

## Oppgåve 1

Drøft ulike former for kommunikasjon du kan bruke for å fremje tryggleik og tillit i gruppa di.

## Oppgåve 2

Kva faktorar meiner du er viktige for sosialiseringprosessen i gruppa di? Gi eksempel, og sjå ulike sider av korleis du og samfunnet spelar viktige roller for sosialiseringprosessen til barna/ungdommane. Underbygg eksempla med teori.

## Oppgåve 3

Kva kan du som barne- og ungdomsarbeidar gjere for å støtte gruppa i å ta vare på kvarandre og jobbe godt saman? Gi eksempel på korleis du vil jobbe med barna/ungdommane.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p><b>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</b></p> <p>– Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff og å begrunne dine synspunkter og løsningsforslag</li><li>• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven</li><li>• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine</li><li>• mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• bruke eksempler der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	NB! Du skal svare på alle oppgavene.

**Lykke til!**

# Eksamensoppgave

*Når du svarer på oppgaven, må du velge hvilken aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdom). Ta utgangspunkt i beskrivelsen under, og få tydelig fram i besvarelsen hvilken aldersgruppe du skriver om.*

Du har ansvar for en gruppe barn/ungdommer på arbeidsplassen din. Gruppen består av jenter og gutter med bakgrunn fra sju ulike nasjonaliteter. Et av barna har utfordringer med hørselen. En av oppgavene dine som barne- og ungdomsarbeider er å støtte barna/ungdommene til å bli ansvarlige i eget liv og tilpasse seg ulike oppvekstarenaer (for eksempel familie, nabolag, fritidsaktiviteter, barnehage/skole, venner)

## Oppgave 1

Drøft ulike former for kommunikasjon du kan bruke for å fremme trygghet og tillit i gruppen din.

## Oppgave 2

Hvilke faktorer mener du er viktige for sosialiseringprosessen i gruppen din? Gi eksempler, og se ulike sider av hvordan du og samfunnet spiller viktige roller for barnas/ungdommenes sosialiseringssprosess. Underbygg eksemplene med teori.

## Oppgave 3

Hva kan du som barne- og ungdomsarbeider gjøre for å støtte gruppen i å ta vare på hverandre og jobbe godt sammen? Gi eksempler på hvordan du vil jobbe med barna/ungdommene.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)